

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.01.2013
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**
Saka gjeld: **Budsjett 2013 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

Arkivsak
2009/96/
Styresak 011/13 B

Styremøte 06.02. 2013

Forslag til vedtak

Styret vedtar budsjett 2013 for administrasjonen til Helse Vest RHF.

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjettet for 2013 syner ei redusert ramme i høve til kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 123/12B Inntektsfordeling 2013. Reduksjonen skuldast at budsjettmidlar som er brukt til frikjøp av regionale fellesressursar innan innkjøpsområdet er samla under budsjettet til kjøp av helsetenester.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 123/12B Inntektsfordeling 2013, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 106,9 mill inkl. lønns- og rekneskapscenteret (LRS).

Kommentar

Administrerende direktør tilrår følgjande budsjetttramme for 2013:

Administrasjon	Beløp
Overført frå kjøp av helsetenester i 2012	103 526
Deflator 3,3 %	3 416
Overføring frå adm. til frikjøp av innkjøpsressursar	-1 512
Nytt årsverk i fagavdelinga	1 061
Budsjettgrunnlag 2013	106 491

Lønns- og personalkostnader

Avdeling	Vedtatte årsverk
Kommunikasjonsavdeling	4
Fagavdeling	13,2
Sekretariat	4
Økonomi- og finansavdeling	13,8
Personal- og organisasjonsavdeling	4
Eigaravdeling	8
Administrerende direktør	1
Internrevisor	3
Sum stillingsramme	51

Helse Vest hadde ved utgangen av 2012 ei stillingsramme på 51 årsverk. I to av desse stillingane er det ikkje tilsett medarbeidarar per i dag. Desse stillingane er:

1 årsverk eigaravdelinga – tidligare vise AD

Stillinga har stått vakant sidan årsskiftet 2009/2010. Tidlegare stillingsinnehavar hadde ein særskilt erfaring og kompetanse, var fungerande administrerende direktør i ferie og ved fråvær og var styremedlem i alle sjukehusføretaka. Administrerende direktør legg til grunn at det vil kunne bli behov for å bemanne stillinga med kompetanse på verksemdstyring/forretningsutvikling, og det er ønskjeleg å behalde den fleksibilitet som ligg i å ha denne stillingsheimelen tilgjengeleg.

1 årsverk i fagavdelinga

Den vakante stillinga har vore lyst ut i 2012 utan å finne ein kandidat som både var skikka og kunne gå fullt inn i dei oppgåver stillinga krev. Det er fortsatt prosess for å finne kandidat til stillinga.

Nye årsverk

Det er behov for eit nytt årsverk i fagavdelinga. Det er ei rekke kommande aktivitetar knytt til kvalitet, pasientsikkerheit, harmonisering av klinisk praksis, harmonisering og forbetring av klinisk og pasientadministrativ dokumentasjon, betre henvisningsrutinar, time med ein gang, epikrise i handa, pasientlogistikk og harmonisering av MTU. Felles for alle desse er at vi bør arbeide regionalt, ikkje med lokale løysingar i kvart HF. Alle desse aktivitetane vil krevje at RHF-et kan gå tungt inn i møte med ulike fagmiljø, spesielt innanføre medisin.

Administrasjonsbudsjettet i RHF-et i 2013 blir lagt fram for styret med til saman 52 årsverk.

I tillegg til dei administrative årsverka er det haldt av midlar til følgjande ressursar:

Regionale fellesløysingar

Det er i budsjettet tatt høgde for at ei rekkje regionale fellesløysingar blir dekt under budsjettet for kjøp av helsetenester. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Regional datavarehussatsing
- Systemegar/arkitekt ressursar
- Innkjøpsprogrammet
- Innkjøp regional koordinator
- Innkjøp regionale ressursar
- Regional analyse funksjon
- Samhandlingsmidlar (prosjektlear)
- kostnader knytt til areal som er tiltenkt regionale tenester
- Interregionalt egedomsforum

I høve til 2012 er kr 1,5 mill flytta frå administrasjonsbudsjettet til denne posten for å sikre finansieringa av ressursar tilsvarande to frikjøpte årsverk innan innkjøpsområde frå Helse Bergen. Flyttinga skjer av budsjett tekniske årsaker og gjer at ein synleggjer ressursbruken innan innkjøp på same kostnadsstad.

I tillegg er det lagt inn midlar til frikjøp av ressursar tilsvarande 1 årsverk som regional koordinator for mellom anna å handtere nasjonale anskaffingar i regi av Helseforetakenes innkjøpsservice AS (Hinas).

Satsinga på systemeigarrolla er sikra med ei finansiering på kr 5,9 mill (tilsvarande om lag 5,7 årsverk) Dette er ei auke på omlag kr 2,8 mill og skal gå til kjøp av regional verksemdarkitekt, styrking av system/utviklingssida i fagavdelinga med ressursar tilsvarande eit årsverk samt finansiering av systemforvaltninga av elektronisk pasientjournal (EPJ).

I RHF-AD møte den 19.12.12 blei det tilrådd ei etablering av eit inter-regionalt egedomsforum. Forumet skal ha eit fast sekretariat og første års budsjett er berekna å ha ein kostnad på kr 0,6 mill. for Helse Vest. Dette under føresetnad av at styret sluttar seg til tilrådinga i eiga styresak om samarbeid innan egedomsområdet (sak 013/13 B).

Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak prisjustert med 1,5 %. I tillegg er det i nokre tilfeller omprioritert mellom postar i budsjettet i forhold til historisk forbruk i 2012.

Lønns- og rekneskapsenteret

Lønns- og rekneskapsenteret (LRS) vidarefører dei 8,8 årsverka som er inne i 2012 budsjettet. Eventuell vekst utover dette blir handtert gjennom auka inntektskrav.

LRS FINANSIERING 2013	IKT	RHF	APO	SUM
Utfaktureres/budsjettforslag 2013	2 363	4 991	2 630	9 984

Alle tall i helle tusen

Inntekta frå Helse Vest RHF inkluderer kr 2,7 mill som eliminerer underskotet i LRS. Desse midla framkjem som overskot i administrasjonsbudsjettet til RHF-et. Resten av finansieringa kjem frå fakturering for tenester levert til Helse Vest IKT AS og Sjukehusapoteka Vest HF.

Budsjettforslaget for administrasjonen er fordelt slik på enkeltpostar:

Budsjett for administrasjonen	2013	2012	Endring i %
(3) Sals- og driftsinntekter	106 491	103 526	2,9 %
(5) Lønnskostnad	-60 434	-57 660	4,8 %
(50) Lønn til tilsette	-41 351	-39 350	5,1 %
(52) Fordel i arbeidsforhold	-5	-5	0,0 %
(53) Annan oppgavepliktig godtgjersle	-2 162	-2 000	8,1 %
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-14 177	-13 817	2,6 %
(56) Kompetanse og rekruttering	-870	-1 143	-23,9 %
(59) Annan personalkostnad	-1 869	-1 345	39,0 %
(6) Annan driftskostnad, av- og nedskrivning	-37 904	-36 812	3,0 %
(60) Av- og nedskrivning	-387	-617	-37,3 %
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-4 890	-4 626	5,7 %
(64) Leige mtu, maskinar, inventar o.l.	-155	-345	-55,1 %
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikkje skal aktiveras	-420	-663	-36,7 %
(66) Reparasjon, vedlikehald og service	-70	-90	-22,2 %
(67) Eksterne tenester	-26 867	-25 314	6,1 %
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	-3 955	-3 040	30,1 %
(69) Telefon, porto o.l.	-1 160	-2 117	-45,2 %
(7) Annan driftskostnad av-og nedskrivning	-5 402	-6 718	-19,6 %
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-5 032	-4 793	5,0 %
(73) Sals- og reklamekostnad	-20	-1 592	-98,7 %
(74) Kontingent og gåver	-90	-80	12,5 %
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-60	-54	11,1 %
(77) Annan kostnad	-200	-200	0,0 %
RESULTAT	2 751	2 336	

Alle tall i helle tusen

Kommentarar til dei største endringane:

- Auken i lønnskostnader utover ordinær lønnsvekt skuldast i hovudsak det nye årsverket i fagavdelinga.
- Dei andre endringane er i hovudsak justeringar mellom budsjettpostar for å fange opp faktisk kostnadsnivå frå 2012. Desse går mot kvarandre og påverkar ikkje budsjettet samla sett.